

Øystese sokneråd  
5610 Øystese

## Referat Øystese Sokneråd

Stad: Øystese kyrkje

Dato: 05. feb. 2019

Tid: kl. 19.00 - 21.30.

Soknerådsmøta er opne.

<b>Dato:</b> 05. feb. 2019		
<b>Til stades :</b> Lars Arne Vik, Sidsel Iren Neteland Linga, Hans Atle Soldal, Kjell Arne Gjøn, Oddvar Ulltang, Helge Erik Olsen, Hege Dale, Bodil Lie Øyri, Gunnvor Utne Mæland og Anne Marit Rykken		
<b>Ikkje til stades :</b> John Kristian Rykkje, Trude Femsteinevik, Anne Luth-Hansen Oma og Rannveig Linga		
<b>Leiar:</b> Oddvar Ulltang		
<b>Skrivar:</b> Anne Marit Rykken		
NR:	SAKER:	MERKNADER:
1.	Godkjenning av innkalling, referat og sakliste + ord for dagen	<ul style="list-style-type: none"><li>Referat, sakliste og godkjenning av innkalling vart godkjend.</li><li>Oddvar les ein salme av Sverre Hatle.</li></ul>
INFO	Post, nytt frå fellesrådet, årsstatistikk 2018, infofaldar, friluftsgudsteneste 2. påskedag, innramming altarduk.....	<ul style="list-style-type: none"><li><b>Lars Arne sender årsstatistikk for 2018 til oss.</b></li><li><b>Lars Arne bestiller også inn eit eksemplar av samisk bibel for å ha i kyrkja.</b> Fellesrådet:</li><li>Mampion vert ny kateket, ho tek til i stillinga 1.mars.</li><li>Eva Oppen er ny kyrkjetenar i Ålvik.</li><li>Det er pr. no ingen søkjarar til diakonstillinga.</li><li>For 2019 er det sett av kr. 25 000 til vedlikehald av sakristiet i Øystese kyrkje. Til måling av kyrkja ut vendt, er det sett av kr. 100 000.</li><li>Kyrkjebladet går no med overskot.</li><li>Kyrkjeverje vikar Bjørn Nygård har trekt seg. Hans Soldal tek over stillinga.</li><li><b>Gudstenesta 2. påskedag har endra tid frå 12.00 til 11.00. Me utfordrar Jon Kristian til å vera med å planleggja denne dagen i saman med Kjell Arne og Roar.</b></li></ul>
2.	Evaluering gudstenester, Tårnagent.....	<ul style="list-style-type: none"><li>Tårnagentane:</li></ul>

		<p>Det var 39 påmelde born frå tredje klasse. Framnes elevar og foreldre deltok også som hjelparar denne kvelden. Det var pizza til alle. Mange born var samla, i år var det ei gruppe meir enn tidlegare.</p> <p>Men det vart nok for mange born denne gongen. Ein rår til at gruppa vert delt i to, om ein har så mange påmelde. Det vart også i lengste laget med 3 ½ time.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Kveldsgudstenesta:</b> Nye salmar vart sunge. Det kunne vore fleire i kyrkja denne kvelden. Me ynskjer å få folk til å setja seg lenger fram i kyrkja. På vanlege gudstenester der det ikkje er forventta fullsett kyrkje, vil me prøva å setja bord med salmebøker litt lenger fram i midtgangen. Der står då kyrkjevertane og deler ut salmebøker. Såleis vert det gjerne meir naturleg for dei frammøtte å setja seg lenger fram i kyrkja.</li> <li>• <b>Gudsteneste 2. juledag, treng me denne gudstenesta?</b> <b>Dette vert sak til neste møte.</b></li> </ul>
3.	Diakoniplan/diakoninemnd	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utsett til neste møte.</li> </ul>
4.	Konfirmantarbeidet	<p>Konfirmantane får oppgåver og Lars Arne jobbar vidare med dette. Kanskje kunne ein hatt grupper som møtest etter skuletid...? Kyrkjekino har vore ein aktivitet tidlegare.</p> <p>Konfirmantundervisninga: Når ein har 23 konfirmantar åleine er dette i meste laget. Men dei er gjerne også for få til å delast. Me ynskjer at prest og kateket deltek på konfirmantundervisninga. Det er og eit ynskje frå soknerådet at konfirmantane får eit lite måltid når dei er i kyrkja.</p> <p>Me vil også knyta konfirmantane opp mot andre oppgåver, gjerne «Ein god dag». Dei kan også vera med og bidra med musikkinnslag/song mm på gudstenesta. Dette kan og vera noko for fjorårskonfirmantane.</p>
5.	Soknerådsvalet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kurs i Norheimsund den 14.02.19, kl. 17.00 - 21.00. <b>Oddvar melder på Hans Atle, Rannveig, Oddvar og Anne Marit</b></li> </ul>
6.	Fjerning av kyrkjebenkar, universell utforming.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Oddvar sender inn søknad om fjerning av benker i kyrkja, på vegne av soknerådet.</b></li> </ul>
7.	Workshops	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dette vil me ta opp att på neste møte.</li> </ul>
8.	Ny lesestol	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Helge Erik kan setja i gang prosjektet og bestilla lesestolen.</b></li> </ul>
9.	Økonomi	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er ca. 30 000 på konto.</li> </ul>

10.	Innramming av alterduk	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Anne Marit har vore i kontakt med Anja hjå Express Foto og gått gjennom korleis innramminga vert. Ho har sagt at ho held seg innanfor prisen ho har kalkulert med, mellom 15 000 – 18 000. Anja sender e-post til Gunnvor og Anne Marit.</li> <li>• <b>Anne Marit spør om Anja har høve til å laga små skilt til merking av alterduken, gamlekyrkja og ikonet.</b></li> </ul>
11.	Rutinar offersøknader, kirkekollekt.no	<b>Oddvar tek kontakt med kyrkjeverje.</b>
12.	Kvalitetssikring av oppgåver i febr/mar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Kyrkjevertar:</b>  <b>17.02 : Sidsel Iren og Kjell Arne - Kyrkjekaffi</b>  <b>17.03 : Helge Erik og Gunnvor - Årsmøte og Kyrkjekaffi</b>  Me må gjerne byte på kyrkjevertar den 17.03, men det tek me på neste møte.</li> </ul>
	Eventuelt	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Den gamle dåpsfontena vert no laga om til lysbord. Soknerådet vedtok at det vert laga ei skiferplate som vert lagt oppå dåpsfontena.</li> <li>• Bronserelieff av Ingebrikt Vik vert hengt opp framme i kyrkja.</li> <li>• Tenning av dei store lysekronene. Det kan vera ein ide å setja opp plakat når ein ynskjer å ha lys i lysekrona. Dette vil me prøva å få gjort.</li> <li>• Det er ynskjeleg med spottar på den gamle altertavla. Me treng og ein gjennomgang av spottar og lys andre stader i kyrkja. <b>Oddvar tek kontakt med kyrkjeverje.</b></li> </ul>
		Møtet vart avslutta med Vår far.